



Eviny

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gry Walle, 5557 2332

Att. Sissel Hauge Mykletun

## Tilbakemelding på fiskeundersøking i Torfinnsvatnet og Askjelldalsvatnet - Eviny

---

**Statsforvaltaren foreslår å vidareføre ingen utsetting i Askjelldalsvatnet. Vi rår til at dei frivillige utsettingane i Torfinnsvatnet vert redusert i tråd med rapporten. Vi ber om at forslaget vert gjort kjent lokalt. Eventuelle merknadar kan sendast til oss innan 15. januar 2022.**

---

Vi viser til konsesjonsvilkår i kongeleg resolusjon av 4. mars 1966 for regulering og overføringar i Eksingedalsvassdraget mfl. I samband med bygginga av Evanger kraftstasjon.

### Vår vurdering

Torfinnsvatnet og Askjelldalsvatnet vart undersøkt av Rådgivende Biologer AS og Asplan Viak i 2017, på oppdrag frå BKK produksjon AS. Denne rapporten er grunnlaget for vår vurdering av ev. utsettingspålegg (*Prøvefiske Torfinnsvatnet og Askjelldalsvatnet. Rådgivende Biologer AS rapport 2730*).

I gjennomgangen nedanfor av vatna/magasina, er tilrådinga etter sist prøvefiske skrive i kursiv, og deretter kjem vår vurdering.

### Torfinnsvatnet

*Gjennomsnittleg K-faktor på 0,93, som er under middels kondisjon. Sannsynlegvis ikkje naturleg rekruttering til Torfinnsvatnet, og få fisk som slepp seg ned frå oppstraums. Avhengig av utsettingar for å oppretthalde fisk i Torfinnsvatnet. K-faktor redusert frå 2009 til 2017. Det blir vurdert at utsetting av 1000 fisk kvart andre år er tilstrekkeleg for å oppretthalde fiskbar bestand med relativt god kvalitet.*

Der er ikkje heimel til å pålegge undersøking/tiltak i Torfinnsvatnet i eksisterande konsesjon. Våre merknadar til Torfinnsvatnet er difor berre råd.

Vi vil rå til at ein held fram med utsetting kvart andre år, ønskjer ein årleg utsetting, bør mengda fisk halverast. For å auke kondisjonsfaktoren, kan ein vurdere å redusere utsettingane. Det bør ikkje



setjast ut meir enn 1000 fisk kvart 2. år. Ein bør vurdere å følgje opp med ny fiskeundersøking om 5-6 år, for eventuelt å kunne justere utsettingane.

### Askjeldalsvatnet

*Gjennomsnittleg K-faktor aure på 0,94, Ingen utsetting, naturleg rekruttering eller nedvandring frå lokalitetar oppstraums. Røye er i dag den mest talrike arten i magasinet.*

*Fleire gytebekkar, mange avhengig av vasstand på HRV. Rekrutteringa vil variere med klima og HRV. Tilrettelegging av gyteforhold for aure er eit aktuelt tiltak. Aktivt utfiske og tørrlegging av gytegroper kan bidra til å redusere røyrestamma, men vil ikkje fjerne røya.*

### Vårt forslag

Ingen endring.

Auren i vatnet er naturleg rekruttert. Rekrutteringa vil variere med fyllinga av magasinet og klima. Det er mogleg å legge til rette for meir stabil rekruttering, som utbetring av nokre av bekkane og halde magasinet på HRV ved oppvandringstidspunkt. K-faktor er noko låg, og stamma har vore sjølvrekrutterande sidan 2004. Vi vurderer difor at det ikkje er trong for tiltak for å betre gytemoglegheitene ytterlegare.

	Opphavleg utsettingspålegg	Nytt pålegg
Askjeldalsvatnet	0	0

Med helsing

Eyvin Søltnæs  
seniorrådgjevar

Gry Walle  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM

Voss Osterfjorden  
vassområd  
v/vassområde  
koordinator  
Eviny v/Sissel  
Mykletun  
Voss herad

Postboks 145      5701    VOSS